



Høyring

Forslag om vern av 5 skogområde i Rogaland

Tre nye verneområde:

Ulvaskog, Strand kommune


Honganvik, Sauda kommune

Griggelia, Sandnes kommune

Utviding av to eksisterande:

Hylsskaret, Suldal kommune

Ragstjørna, Gjesdal kommune



Tittel : Høyring Forslag om vern av 5 skogområde i Rogaland

Dato : 15.03.2024

Forfattar : Solbjørg Engen Torvik

Rapportnummer : SFRO rapport 1-2024

ISBN : 978-82-693688-1-9

Emneord : Naturreservat, skogvern, raudlisteart, edellaauvskog, regnskog, kystfuruskog, biologisk mangfald

Utgivar : Statsforvaltaren i Rogaland

Tal sider : 41

Ansv. sign : Cathrine Stabel Eltervåg

Forsidefoto : Ragstjørna utviding. Solbjørg Engen Torvik

Samandrag

Fem skogområde i Rogaland som er tilbydd til vern, er med dette dokumentet sendt ut på høyring til grunneigarar, naboar, lokale, regionale og nasjonale høyringsinstansar.

Ulvaskog, Honganvik, Griggelia, Hylsskaret utv. og Ragstjørna utv. er alle tilbydd gjennom ordninga frivillig vern og aktuell verneform er naturreservat. Alle områda har på ulikt vis verdifull skog og skogsmiljø med sjeldan og sårbar natur i form av naturtypar, artar, skogtypar og levestad for mange ulike organismar.

Det vil fortsett vere mogleg å nytte verneområda til enkelt friluftsliv og til dømes sanking av bær og matsopp. Områda er verna mot skade, øydelegging og forstyrring av plante og dyreliv. Naturreservata er ulike og for å ta vare på det unike med kvart enkelt område, har dei litt ulike vernereglar i verneforskriftene. Det er difor viktig å gjere seg kjent med desse.

Alle som måtte ønska, kan komma med uttale til verneforslaga i denne høyringa.

Frist for å senda uttale er 15. mai 2024.

Uttalar sendast skriftleg i brev til Statsforvaltaren i Rogaland, Postboks 59, 4001 Stavanger eller på e-post til sfropost@statsforvalteren.no.

Innhald

Samandrag	3
Innhald.....	4
1. Verneforslag i denne høyringa.....	5
2. Heimelsgrunnlag.....	6
2.1. Kunnskapsgrunnlag	7
3. Sakshandsaming	8
3.1. Bakgrunn og saksgang for dei enkelte verneforslaga.....	9
3.2. Oppstartsmeldingar - Mottatte merknader og Statsforvaltarens kommentarar	10
3.2.1. Innspel til Ulvaskog	11
3.2.2. Innspel til Honganvik	12
3.2.3. Innspel til Griggelia	15
3.2.4. Innspel til Hylsskaret.....	16
3.2.5. Innspel til Ragstjørna	17
4. Endringar etter oppstart av verneplan.....	19
4.1. Namneendringar	19
4.2. Grenseendringar	19
4.3. Forskriftsendringar	19
4.3.1. Endringar i verneforskrifta til Hylsskaret naturreservat.....	19
4.3.2. Endringar i verneforskrifta til Ragstjørna naturreservat	20
5. Konsekvensar av eit vern	24
6. Høyring	26
7. Forvaltingsmynde	27
8. Verneforslag	28
8.1. Ulvaskog naturreservat, Strand kommune	28
8.2. Honganvik naturreservat, Sauda kommune	30
8.3. Griggelia naturreservat, Sandnes kommune	32
8.4. Utviding av Hylsskaret naturreservat, Suldal kommune	34
8.5. Utviding av Ragstjørna naturreservat, Gjesdal kommune.....	36
9. Referanseliste.....	38
10. Vedlegg	41

1. Verneforslag i denne høyringa

Statsforvaltaren i Rogaland sender med dette på høyring forslag om vern av tre nye naturreservat og utviding av to eksisterande naturreservat.

Dei tre nye områda som blir foreslått verna er:

- **Ulvaskog**, Strand kommune, ca. 3938 daa, eigd av 3 grunneigarar.
- **Honganvik**, Sauda kommune, ca. 2087 daa, eigd av 12 grunneigarar.
- **Griggelia**, Sandnes kommune, ca. 1155 daa, eigd av 1 grunneigar.

Dei to områda som blir foreslått utvida er:

- **Hylsskaret**, Suldal kommune. Utviding ca. 414 daa, eigd av 1 grunneigar. Totalt ca. 12 127 daa.
- **Ragstjørna**, Gjesdal kommune, utviding ca. 104,3 daa, eigd av 2 grunneigar. Totalt ca. 652,5 daa.

Områda er vurdert å kvalifisere for vern som naturreservat etter *Lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven)* § 37, jf. § 34 basert på tilgjengeleg kunnskap om naturverdiane i områda og/eller nye naturfaglege registreringar som er gjennomført i samband med verneplanarbeidet.

Alle områda er tilbodne gjennom ordninga frivillig vern der skogeigarane sjølve tilbyr skogen til vern (sjå lenka til referanse Skogkartlegging – NiN for presentasjon av metodikken). Frivillig vern forutsett at grunneigarane og staten blir einige og inngår ei avtale om erstatning, avgrensing og vernereglar før vernevedtak. Ei slik avtale er ennå ikkje utarbeidd for områda, men prosessen er i gang. Prosessen vil avklare om det er grunnlag for endelege avtalar. Dette inneber at det kan bli endringar både i om området faktisk blir verna, vernegrenser og vernereglar som eit resultat av desse forhandlingane og denne høyringa.

Gjennom arbeidet med St.meld. nr. 25 (2002-2003) *Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand* slutta Stortinget seg til Regjeringas innstilling om ei kraftig opptrapping av skogvernet i Norge. Meldinga trakk opp viktige prinsipp og satsingsområde for skogvernet. Det blei blant anna lagt til grunn at eit utvida skogvern skulle følge dei faglege anbefalingane i NINA rapport 54/2002 «*Evaluering av skogvernet i Norge*». I meldinga blei frivillig vern trekt fram som ein viktig strategi for det framtidige skogvernet i Noreg.

I St.meld. nr. 14 (2015-2016) *Natur for livet* seier Regjeringa at den vil vidareføre det langsiktige arbeidet med skogvern og auka det frivillige skogvernet. Det blei vedtatt eit mål om vern av 10 % av skogarealet i Noreg. Per 31.12.2023 er 5,3 % av all skogen i Noreg verna (Svensson mfl. 2023, Landsskogtakseringen 2017-2021).

2. Heimelsgrunnlag

Vern av spesielle område eller førekomstlar skjer i medhald av *Lov av 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldlova)* jf. §§ 33-51. I naturmangfoldlova (nml.) er det heimel for å oppretta ulike vernekategoriar. Vernekategorien naturreservat er den strengaste verneforma, og denne blir normalt brukt for vern av skog.

Vedtak om å oppretta naturreservat blir treft av Kongen i Statsråd etter nml. § 37, som lyder slik:

Som naturreservat kan vernes områder som

- a) inneholder truet, sjelden eller sårbar natur,*
- b) representerer en bestemt type natur,*
- c) på annen måte har særlig betydning for biologisk mangfold,*
- d) utgjør en spesiell geologisk forekomst, eller*
- e) har særskilt naturvitenskapelig verdi*

Som naturreservat kan også vernes et område som er egnet til ved fri utvikling eller aktive gjenopprettingstiltak å få verneverdier som nevnt i første ledd.

I et naturreservat må ingen foreta noe som forringer verneverdiene angitt i verneformålet. Et naturreservat kan totalfredes mot all virksomhet, tiltak og ferdsel. I forskriften kan det gis bestemmelser om vern av kulturminner i reservatet.

Treffes vedtak om reservat som krever aktive gjenopprettingstiltak, eller vedtak om reservat der bruk er en forutsetning for å ivareta verneformålet, skal det samtidig med vernevedtaket legges frem et utkast til plan for skjøtsel for å sikre verneformålet. Planen kan omfatte avtale om bruk av arealer, enkeltelementer og driftsformer. Planen eller avtalen kan inneholde bestemmelser om økonomisk godtgjørelse til private som bidrar til området skjøtsel.

For å oppfylle § 37 må også nml. § 8 om kunnskapsgrunnlaget nyttast:

Offentlige beslutninger som berører naturmangfoldet skal så langt det er rimelig bygge på vitenskapelig kunnskap om arters bestandssituasjon, naturtypers utbredelse og økologiske tilstand, samt effekten av påvirkninger. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i et rimelig forhold til sakens karakter og risiko for skade på naturmangfoldet.

Myndighetene skal videre legge vekt på kunnskap som er basert på generasjoners erfaringer gjennom bruk av og samspill med naturen, herunder slik samisk bruk, og som kan bidra til bærekraftig bruk og vern av naturmangfoldet.

2.1. Kunnskapsgrunnlag

Kunnskapsgrunnlaget for skogområda, jf. § 8 i nml., skal «... så langt det er rimelig bygge på vitenskapelig kunnskap om arters bestandssituasjon, naturtypers utbredelse og økologiske tilstand, samt effekten av påvirkninger». Kunnskapsgrunnlaget som verneforslaga i dette høyringsdokumentet bygger på er henta frå allment tilgjengelege offentlege data, mellom anna Naturbase, Artsdatabanken, Artskart, Artsobservasjonar, publiserte vitenskapelege arbeid og direkte kontakt med fagpersonar med høg kompetanse innan fagfelt om natur, miljø, økologi og artskunnskap. Det er gjennomført naturfaglege kartleggingar i alle områda for å underbygga naturverdiar generelt og skogvernverdiar spesielt. Det er også nytta andre offentlege kart og databasar for å innhenta andre interesser enn vern og eventuelle moglege konfliktrar i områda, til dømes NGU, NVE, Kulturminnebasen Askeladden, NARIN (Biofokus). I kartdatabasen Temakart Rogaland kan ein finna dei fleste av desse tema samla i eit kart som gjeld for Rogaland fylke. I kapittel 9 er det samla ei referanseliste over kjelder, rapportar og databasar som er nytta.

3. Sakshandsaming

I saker med frivillig vern av skog får normalt Statsforvaltaren tilbod om vern frå grunneigar eller grunneigarar via deira skogeigarorganisasjon. Det blir deretter gjort naturfaglege registreringar i dei aktuelle områda, med mindre det føreligg tilstrekkeleg kunnskap om naturverdiane frå tidlegare. Når det føreligg god nok kunnskap og/eller nyare naturfaglege registreringar som visar at området kvalifiserer for vern, blir skogdata innhenta som grunnlag for erstatningsberekningar. Deretter forhandlar grunneigarar og staten om erstatning, vernegrense og vernereglar.

I utgangspunktet skal det vere ein avtale mellom skogeigar og staten før det blir meldt oppstart av verneplanarbeid. For å sikra tilstrekkeleg framdrift i skogvernarbeidet, har det den seinare tid blitt meldt oppstart og sendt ut høyringsforslag før slike avtaler er inngått. Ei forutsetning for dette er at grunneigarane har gitt aksept for denne framgangsmåten.

Den formelle sakshandsaminga skal følge naturmangfaldlovas §§ 41 til 43 og rundskriv T-2/15 frå Miljøverndepartementet (nå Klima- og miljødepartementet 2015), og rettleiar M-481 *Opprettelse av verneområder etter naturmangfoldloven* (Miljødirektoratet 2016). Dette kan oppsummerast på følgande måte:

- **Oppstartsmelding:** Statsforvaltaren varslar oppstart av verneplanarbeid ved brev til grunneigarar og aktuelle etatar og organisasjonar, samt kunngjering i aviser.
- **Offentleg høyring:** Eit konkret verneforslag vert sendt på høyring ved brev til grunneigarar og andre høyringsinstansar. Høyringsforslaget (dette dokumentet) skal skildre verneverdiar, og andre verdiar og interesser, samt dei konsekvensane forslaget er venta å få. Det skal følge med forslag til vernekart og verneforskrift. Frist for å komma med merknader skal være minst to månader.
- **Tilråding til Miljødirektoratet:** Etter høyringa skal Statsforvaltaren vurdere innkomne merknadar og eventuelt gjere endringar i forslaget. Eventuelle større endringar må drøftast med grunneigarane. Deretter sender Statsforvaltaren sin tilråding til Miljødirektoratet.
- **Tilråding til Klima- og miljødepartementet (KLD):** Miljødirektoratet vurderer forslaget og sender si tilråding til KLD.
- **Forslag om vern:** KLD forbereder saken og legg forslag om vern fram for Kongen i Statsråd.
- **Vedtak om vern** gjerast av Kongen i Statsråd som kongeleg resolusjon. Etter vedtaket vil erstatninga bli utbetalt i tråd med avtalen med grunneigar.
- **Kunngjering om vern:** Statsforvaltaren sender brev til grunneigarar og andre høyringsinstansar, samt kunngjer vedtaket i aktuelle aviser. Dei nye verneområda blir skilta og merka.
- **Grensemerking** blir vanlegvis gjort av jordskifteretten, som etter krav frå Statsforvaltaren opprettar sak om grensegang for det enkelte område.

3.1. Bakgrunn og saksgang for dei enkelte verneforslaga

1. Ulvaskog, Strand kommune
Tilbod blei sendt til Statsforvaltaren 20. desember 2022 og ei utviding av tilbodsområdet kom 16. mars 2023. Området blei naturfagleg kartlagt etter metoden *Kartlegging av terrestriske naturtyper etter NiN2* i 2022 (Miljødirektoratet 2022c). Resultata blei tilgjengelege i Naturbase i januar 2023. Området blei også synfart av Statsforvaltaren i mars og juni 2023.
Oppstart av verneplan blei meldt 11. desember 2023.
2. Honganvik, Sauda kommune
Tilbod blei sendt til Statsforvaltaren i fleire omgangar, først 20. januar 2021, deretter 17. januar, 14. februar og 11. mars 2022. Området ble naturfagleg kartlagt i 2022 etter metoden *Instruks for naturfaglige registreringer i skogvernarbeidet* (Miljødirektoratet 2022b) og rapport kom i januar 2023. Området blei også synfart av Statsforvaltaren i august og oktober 2023.
Oppstart av verneplan blei meldt 11. desember 2023.
3. Griggelia, Sandnes kommune
Tilbod blei sendt til Statsforvaltaren 22. januar 2021, og området blei skogfagleg kartlagt i 2021 etter metoden *Instruks for naturfaglige registreringer i skogvernarbeidet* (Miljødirektoratet 2022b), og rapport blei tilgjengelege i januar 2022. Området blei første gong kartlagd i 2016 som del av prosjektet Kystfuruskog 2016 (Appelgren 2017 i Gaarder mfl. 2017) og resultata er tilgjengelege i (NARIN). Statsforvaltaren synfarte området i mai 2021.
Oppstart av verneplan blei meldt 11. desember 2023.
4. Hylsskaret, Suldal kommune
Området blei naturfagleg kartlagt i 2016 som del av prosjektet Kystfuruskog 2016 (Appelgren 2017 i Gaarder mfl. 2017) og resultata er tilgjengelege i (NARIN). Utvidinga blei tilbydd 27.01.2022.
Oppstart av verneplan blei meldt 11. desember 2023.
5. Ragstjørna, Gjesdal kommune
Utvidinga ble tilbydd 26. april 2022. Statsforvaltaren synfarte området i september 2023. Den nordlegaste delen av utvidinga, mellom industriområdet og eksisterande vern, blei tilbydd 17.02.2024.
Oppstart av verneplan blei meldt 11. desember 2023.

3.2. Oppstartsmeldingar - Mottatte merknader og Statsforvaltarens kommentarar

Det blei meldt oppstart av verneplanarbeid for Ulvaskog, Honganvik, Griggelia, utviding av Hylsskaret og utviding av Ragstjørna 11. desember 2023 (Statsforvaltaren i Rogaland). Fristen for uttale var 15. januar 2024. Oppstartsmeldinga blei sendt til grunneigarar, naboar til foreslått verneområde og aktuelle lokale, regionale og sentrale høyringsinstansar. Verneplanane blei òg kunngjort i Norsk Lysingsblad, Stavanger Aftenblad og på Statsforvaltaren i Rogaland si heimeside.

Under er det gitt eit samandrag av dei innspela som er komne inn. Først omtalast dei generelle innspela som gjeld likt for alle områda. Dernest omtalast konkrete innspel til dei enkelte områda. Statsforvaltarens respektive kommentarar følgjer rett etter samandraget av kvart innspel.

BaneNOR har vurdert verneforslaga og har ingen merknader.

Statsforvaltarens kommentar: Tatt til orientering.

Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) gjer merksam på eit pågåande regelverksarbeid og ein kommande regelverksendring. Endringa gjeld blant anna verneområde og korleis delegert forvaltingsmynde vert tildelt. Utan å gå detaljert inn i heile saka, siterast det frå uttalebrevet: «*Det framgår vidare av høringsnotatet side 21 at Klima- og miljødepartementet vurderer det som hensiktsmessig at fastsetting av forvaltningsmyndighet for verneområder framover, så langt råd er, skjer i forbindelse med verneprosessen. Hvem som skal være forvaltningsmyndighet vil da kunne framgå både av endelig vedtatt verneforskrift og av høringsforslag til denne. Den vedtatte verneforskriften bør likevel fortsatt gi Miljødirektoratet myndighet til å tildele kommunen myndighet gjennom endring av verneforskriften eller til å delegere myndigheten etter forskriften til et annet organ senere.*»

KDD meiner at før verneforskriftene blir fastsett bør det, så langt som mogleg, avklarast om dei aktuelle kommunane der verneområda ligg skal være forvaltningsmynde. Det bør gå fram av forslag til nye verneforskrifter for nye verneområde, kven som er forvaltningsstyresmakt.

Statsforvaltarens kommentar: Tatt til orientering og implementert i forslag til nye verneforskrifter. Av dei aktuelle 5 verneforslaga i denne høyringa er det berre Suldal kommune som er forvaltningsstyresmakt for sine verneområde. Forvaltningsstyresmakt i Hylsskaret naturreservat er, og vil fortsetta å vera Suldal kommune.

3.2.1. Innspel til Ulvaskog

Språkrådet har vurdert namneforslaget og har ingen merknader til føreslått skrivemåte Ulvaskog naturreservat.

Statsforvaltarens kommentar: Tatt til orientering.

Landbruksdirektoratet har generelle merknader til oppstartsmeldinga.

Direktoratet skriv at det av høyringsdokumenta må komma tydeleg fram om, og i tilfelle kordan det aktuelle området nyttast i landbrukssamanheng. Dersom det er landbruksinteresser i området som ikkje blir tatt omsyn til i utkast til forskrift, må det bli grunnlagt i høyringsdokumenta. Dette kan vere beite, skogsbilveg, traktorveg, stølsområde. Det bør vurderast om forskrifta kan opne for beite og dermed og utsetting av saltsteinar samt oppføring/vedlikehald av gjerde og sankekvever. Viss ikkje, må det givast ei fagleg grunngjeving. Dersom det går vegar/ferdselsårer gjennom verneområdet, må Statsforvaltaren vurderer om det kan bli gitt føresegn om merking, rydding og vedlikehald av desse.

For alle tiltaka må det bli vurdert om det kan bli gitt føresegn om motorferdsel i samband med tiltaka. Det bør bli gitt eit generelt unntak frå føresegna om ferdsel i samband med uttransportering av sjuke og skadde bufe.

Landbruksdirektoratet ber om at Statsforvaltaren involverer den lokale landbruksforvaltninga i arbeidet med utforming av forskrift og verneplan.

Statsforvaltarens kommentar:

Verneområdet består utelukkande av naturtypar som ikkje er beiteavhengig og me kjenner ikkje til at det er beite i området i dag. Verneforskrifta vil likevel ivareta eventuelle beiteinteresser i området. Me kjenner heller ikkje til at det er andre landbruksinteresser i området, slik som skogsbilveg, traktorveg, stølsområde. Ferdelsårer skal kunne haldast ved like i samsvar med standard på vernetidspunktet, og er inkludert i paragraf 4 om generelle unntak frå vernereglane.

IVAR har vurdert verneforslaget og har ingen merknader.

Statsforvaltarens kommentar: Tatt til orientering.

Norges Vassdrag og Energidirektorat (NVE) visar til at det er kryssande nettanlegg og kartlagt digitalt småkraftpotensial i verneforslaget. Dei ber Lnett kommentera vernet med tanke på framtidige planar. Dei ber Statsforvaltaren om å kontakte Lnett. NVE ber om at standardformuleringar knytt til nettanlegg blir inkludert i verneforskrifta.

Statsforvaltarens kommentar:

Lnett fekk tilsendt oppstartsmeldinga samstundes som alle dei andre, men Statsforvaltaren sendte ei ny påminning til Lnett 09.01.2023. Standardformuleringar knytt til nettanlegg om drift og vedlikehald, samt oppgradering, vil bli inkludert i verneforskrifta. Det same gjeld naudsynt motorferdsel i samband med eksisterande

energi- og kraftanlegg. Grunneigar er informert om småkraftpotensialet og vernegrensa er difor trekt litt opp frå det bratte fallet i Tverrdalsbekken aust for golfbanen.

Lnett har ein 11 kV luftleidning som kryssar gjennom foreslått verneområde i nord. Det må tas høgde for at denne blir oppgradert og Lnett må ha fri tilgang til leidningen under drift. Lnett har ein 132 kV luftleidning Dalen–Forsand som grenser til foreslått verneområde i sørvest. Lnett ber om at standardformuleringar knytt til nettanlegg blir inkludert i verneforskrifta og at formuleringane også gjeld oppgradering av energi- og kraftanlegg.

Statsforvaltarens kommentar:

Standardformuleringar knytt til nettanlegg om drift og vedlikehald, samt oppgradering, vil bli inkludert i verneforskrifta. Det same gjeld naudsynt motorferdsel i samband med eksisterande energi- og kraftanlegg.

3.2.2. Innspel til Honganvik

Språkrådet har vurdert namneforslaget og har ingen merknader til føreslått skrivemåte Honganvik naturreservat.

Statsforvaltarens kommentar: Tatt til orientering.

Landbruksdirektoratet har generelle merknader til oppstartsmeldinga.

Direktoratet skriv at det av høyringsdokumenta må komma tydeleg fram om, og i tilfelle kordan det aktuelle området nyttast i landbrukssamanheng. Dersom det er landbruksinteresser i området som ikkje blir tatt omsyn til i utkast til forskrift, må det bli grunnlagt i høyringsdokumenta. Dette kan vere beite, skogsbilveg, traktorveg, stølsområde. Det bør vurderast om forskrifta kan opne for beite og dermed og utsetting av saltsteinar samt oppføring/vedlikehald av gjerde og sankekveer. Viss ikkje, må det givast ei fagleg grunngjeving. Dersom det går vegar/ferdselsårer gjennom verneområdet, må Statsforvaltaren vurderer om det kan bli gitt føresegn om merking, rydding og vedlikehald av desse.

For alle tiltaka må det bli vurdert om det kan bli gitt føresegn om motorferdsel i samband med tiltaka. Det bør bli gitt eit generelt unntak frå føresegna om ferdsel i samband med uttransportering av sjuke og skadde bufe.

Landbruksdirektoratet ber om at Statsforvaltaren involverer den lokale landbruksforvaltninga i arbeidet med utforming av forskrift og verneplan.

Statsforvaltarens kommentar:

Verneområdet består utelukkande av naturtypar som ikkje er beiteavhengig og me kjenner ikkje til at det er beite i området i dag, men det er likevel spor av beite i tidlegare tider. Til dømes er det restar av steingard. Verneforskrifta vil derfor ivareta eventuelle beiteinteresser i området. Det er ingen skogsbilveg, traktorveg eller stølar i

området. Me kjenner likevel til at det har vore ferdselsårer og buføringsvegar mellom Hustveit og Honganvik, og frå Honganvik og Varstad opp på fjellet til mellom anna stølsområde. Ferdselsårer skal kunne haldast ved like i samsvar med standard på vernetidspunktet, og er inkludert i paragraf om generelle unntak frå verneregiane. Området har vore beita, og dette skal kunne oppretthaldast. Andre landbruksinteresser som me kjenner til i området er at garden på Hustveit ønsker å kunne nytte gammal tradisjon for å skaffe bygningsmateriale til vedlikehald og eventuelle nye bygg på garden. Dette inkluderer bruk av hest og mogleg slede for å henta ut tømmer, samt ta ut og nytte trevirke på egen eigedom. Dett vil vere heimla i verneforskrifta at dei kan søka om å nytte hest og slede for å henta ut tømmer, men ikkje for å ta ut trevirke eller anna biologisk materiale i verneområdet.

Norges Vassdrag og Energidirektorat (NVE) visar til at det er nettlinjje, eigd av Haugaland Kraft Nett AS, i det foreslåtte verneområdet. Dei ber Statsforvaltaren senda høyringsdokumenta til Fagne AS, og be dei kommentera vernet med tanke på framtidige planar og prosjekter i området. NVE ber om at grunneigar informerast om kartlagt digitalt småkraftpotensial i Brudesløret som ligg i verneforslaget. NVE ber om at standardformuleringar knytt til nettanlegg blir inkludert i verneforskrifta.

Statsforvaltarens kommentar:

Standardformuleringar knytt til nettanlegg om drift og vedlikehald, samt oppgradering, vil bli inkludert i verneforskrifta. Det same gjeld naudsynt motorferdsel i samband med eksisterande energi- og kraftanlegg. Statsforvaltaren sendte høyringsdokumenta til Fagne AS 09.01.2024, og bad dei kommentera vernet med tanke på framtidige planar og prosjekter i området. Grunneigar er informert om småkraftpotensialet i e-post datert 09.01.2024.

Fagne AS visar til at dei har ei 12,5 kV regionallinjje som delvis ligg inne i verneforslaget og delvis ligg nær grensa for foreslått vern. Fagne ber om at dei må sikrast tilgang for å kunne utføre drift, vedlikehald samt fornying eller oppgradering av nettanlegg. Dette må også omfatta motorferdsel og naudsynt linjerydding.

Statsforvaltarens kommentar:

Statsforvaltaren sendte høyringsdokumenta til Fagne AS 09.01.2024. Statsforvaltaren forsikrar at standardformuleringar knytt til nettanlegg om drift og vedlikehald, samt oppgradering, vil bli inkludert i verneforskrifta. Det same gjeld naudsynt motorferdsel i samband med eksisterande energi- og kraftanlegg.

Ryfylkemuseet forvaltar dei historiske bygningane på Hustveit på tradisjonelt vis. Dei skriv at det på Hustveit er lang tradisjon for plukkhogst og utnytting av skogsressursane og at det er ein føresetnad for autentisk tilnærming i utøvinga av handverket at ein har tilgang til høvelege material. Kvaliteten på materialet er heilt sentralt, og viktig for å velje ut egna tre til plukkhogst. Det er furu som vil vere mest interessant for Ryfylkemuseet, og det vil kunne inngå materiale innanfor verneområdet som har nettopp dei kvalitetane på furu som gjer ho egna. I tillegg vil det vere av interesse å ta ut prøvar av død ved for å bestemme av alder på tømmeret i skogen, såkalla dendrokronologi. Dette

er viktig for å finna ein referanse ved aldersbestemming av tømmer i bygg sett saman med bygg både lokalt, regional og nasjonalt.

Ryfylkemuseet ynskjer å ha moglegheit til å nytte skogresursane til vedlikehald av bygningane, og også til opplæring og formidling. Det er difor ønskeleg at det er ope for plukkhogst og andre emneuttak som knyt seg til drifta av museet. Dette kan, i tillegg til tømmer, vera til dømes never-riving, uttak av torv og mose osb.

Dei vurderer vidare at dei kan møte på utfordringar med tanke på tilkomst til området.

Statsforvaltarens kommentar:

Me vedkjenner at den sørvestlege delen av verneforslaget går inn i eit statleg sikra friluftsområde sidan 1987, då staten fekk kjøpt eit heilt bruk, Jonegarden¹. Det er Friluftsrådet Vest som har ansvar for drift, tilsyn og tilrettelegging for friluftsliv. Ryfylkemuseet har ansvar for bygningane. Området har variert natur og strekker seg frå fjord til fjell med naturvern-, kulturvern og friluftslivsinteresser.

Det meste av furuskogen står utanfor området som er foreslått verna, men furu inngår også. Det er i hovudsak edellauvskog, med treslaga ask (EN), alm (EN) og eik, inkludert naturtypen hol eik, og litt lind (NT) som utgjer vernegrnlaget, i tillegg til boreal skog med stor førekomst av rogn og spreitt, men betydeleg innslag av barlind (VU). Furu med innslag av store, gamle tre, er likevel ein viktig del av verneverdiane.

Statsforvaltaren vil derfor ikkje inkludera spesifiserte dispensasjonsreglar for avgrensa uttak av trevirke ved plukkhogst, samt never-riving og uttak av torv og mose for vedlikehald og nye bygg på Hustveit. Statsforvaltaren vil inkludera spesifiserte dispensasjonsreglar for bruk av hest og slede på gammalt vis for uttak av gran og utanlandske treslag dersom det ikkje strir mot vernevedtakets formål og ikkje påverker verneverdiane nemneverdig.

Ove Løland, grunneigar, sendte innspel 12.12.2023 og hadde ikkje meir å føya til på det tidspunktet. I e-post datert 21.02.2024 ønsker han at noko areal kring Honganvikfossen tas ut av forslaget til vern for å ikkje hindra ei eventuell framtidig kraftutbygging i fossen. I tillegg ønsker han at det tas inn i forskrifta punkt om «oppsetting av mellombelse, mobile jaktårn» osv.

Statsforvaltarens kommentar: Tatt til orientering. Forslag til vernekart er endra slik at grensa for verneområdet går ca. 20 meter vest for Honganvikfossen. Det vurderast tilstrekkeleg då terrenget er for bratt til å kunne etablera veg langs fossen. To standard punkt, h og i, som gjeld mellombelse, mobile jaktårn og forsiktig rydding i samband med storviltjakt er tatt med i § 4 *Generelle unntak frå vernereglane*.

Tor Olaf Johnsen har sendt innspel, datert 15.01.2024, på vegne av nabo til verneforslaget, **Knut Saua**. Han peikar på at det er eit småkraftpotensial i elva Honganvikfossen, jf. NVE sin kartløyising NVE Atlas. Han ønsker at verneprosessen tek

¹ Hustveit: <https://faktaark.naturbase.no/?id=FS00001432>

vare på moglegheita for ei eventuell framtidig utbygging av småkraftverk, med tilhøyrande nett-tilknytning.

Statsforvaltarens kommentar:

Vernegrensa er endra litt i høve til opphaveleg tilbod, ved at den er trekt om lag 20 meter sør for Honganvikfossen. Området er svært bratt og det er lite truleg det kan etablerast tilkomstveg på nokon av sidene av elva. Nett-tilknytning vil kunne gå på naboeigedom ned til vegen slik at ein unngår verneforslaget.

3.2.3. Innspel til Griggelia

Språkrådet har vurdert namneforslaget og har ingen merknader til føreslått skrivemåte Griggelia naturreservat.

Statsforvaltarens kommentar: Tatt til orientering.

Landbruksdirektoratet har generelle merknader til oppstartsmeldinga.

Direktoratet skriv at det av høyringsdokumenta må komma tydeleg fram om, og i tilfelle kordan det aktuelle området nyttast i landbrukssamanheng. Dersom det er landbruksinteresser i området som ikkje blir tatt omsyn til i utkast til forskrift, må det bli grunngitt i høyringsdokumenta. Dette kan vere beite, skogsbilveg, traktorveg, stølsområde. Det bør vurderast om forskrifta kan opne for beite og dermed og utsetting av saltsteinar samt oppføring/vedlikehald av gjerde og sankekveer. Viss ikkje, må det givast ei fagleg grunngjeving. Dersom det går vegar/ferdselsårer gjennom verneområdet, må Statsforvaltaren vurdere om det kan bli gitt føresegn om merking, rydding og vedlikehald av desse.

For alle tiltaka må det bli vurdert om det kan bli gitt føresegn om motorferdsel i samband med tiltaka. Det bør bli gitt eit generelt unntak frå føresegna om ferdsel i samband med uttransportering av sjuke og skadde bufe.

Landbruksdirektoratet ber om at Statsforvaltaren involverer den lokale landbruksforvaltninga i arbeidet med utforming av forskrift og verneplan.

Statsforvaltarens kommentar:

Verneområdet består utelukkande av naturtypar som ikkje er beiteavhengig og me kjenner ikkje til at det er beite i området i dag. Me kjenner heller ikkje til at det er landbruksinteresser i området, slik som beite, skogsbilveg, traktorveg eller stølsområde. Verneforskrifta vil likevel ivareta eventuelle beiteinteresser, og ferdselsårer skal kunne haldast ved like i samsvar med standard på vernetidspunktet.

IVAR har vurdert verneforslaget og har ingen merknader.

Statsforvaltarens kommentar: Tatt til orientering.

Sandnes kommune er positiv til forslaget til frivillig skogvern for ca. 1165 daa i Griggelia ved Lysefjorden, og har ingen andre merknader.

Statsforvaltarens kommentar: Tatt til orientering.

Norges Vassdrag og Energidirektorat (NVE) visar til at det foreslåtte verneområdet grensar til ei kraftlinje og at det er kartlagt digitalt småkraftpotensial i verneforslaget. Nettanlegga inkluderer både regionalnett eigd og drifta av Enett AS, og transmisjonsnett drifta av Statnett SF. Dei ber Lnett kommentera vernet med tanke på framtidige planar. Dei ber Statsforvaltaren om å kontakte Lnett og informere grunneigar om småkraftpotensial. NVE ber om at standardformuleringar knytt til nettanlegg blir inkludert i verneforskrifta.

Statsforvaltarens kommentar:

Både Lnett og Statnett SF fekk tilsendt oppstartsmeldinga samstundes som alle dei andre, men Statsforvaltaren sendte ei ny påminning til Lnett 09.01.2024. Standardformuleringar knytt til nettanlegg om drift og vedlikehald, samt oppgradering, vil bli inkludert i verneforskrifta. Det same gjeld naudsynt motorferdsel i samband med eksisterande energi- og kraftanlegg. Grunneigar blei informert om småkraftpotensialet i Båtabekken i e-post datert 09.01.2024 og svarer at det ikkje er aktuelt å bygga ut her.

Naturvernforbundet avdeling Sandnes støtter verneforslaget for Griggelia.

Statsforvaltarens kommentar: Tatt til orientering.

Lnett har ein 132 kV luftleidning som ligg søraust for foreslått verneområde. Leidningen ligg utanfor verneforslaget og unngår konflikt. Lnett har ingen planar om nye anlegg innanfor verneforslaget.

Statsforvaltarens kommentar:

Då luftleidninga ligg utanfor verneforslaget vil standardformulering knytt til drift, vedlikehald og oppgradering av nettanlegg, ikkje bli inkludert i verneforskrifta. Likevel vil standardformulering som gjeld naudsynt motorferdsel i samband med eksisterande energi- og kraftanlegg bli inkludert i verneforskrifta.

3.2.4. Innspel til Hylsskaret

Språkrådet er einig i at eksisterande namn Hylsskaret naturreservat blir oppretthaldt.

Statsforvaltarens kommentar: Tatt til orientering.

Geir Ove Løland, grunneigar, ønsker å oppretthalde og vedlikehalde område for ilandstiging frå båt.

Statsforvaltarens kommentar: Det er tatt inn i § 7 at han kan søka om å vedlikehalde ilandstigingsområdet.

IVAR har vurdert verneforslaget og har ingen merknader.

Statsforvaltarens kommentar: Tatt til orientering.

Norges Vassdrag og Energidirektorat (NVE) har ingen merknader.

Statsforvaltarens kommentar: Tatt til orientering.

Karl Lalid, nabo til eksisterande verneområde, har sendt ein klage på prioritering i oppstart av verneprosess. Han meiner at Lindvang, eit innmeldt område på nordsida av Hylsfjorden har gode naturverdiar og ligg sentralt inntil eksisterande verneområde, og burde vorte med i prosessen. Han ber om at Lindvang blir teke med i den vidare verneprosessen.

Statsforvaltarens kommentar: Innspelet er tatt til orientering.

3.2.5. Innspel til Ragstjørna

IVAR gjer merksam på at dei har eit reinseanlegg med utslepp til Ragstjørna via Gjesdal kommune sitt VA system. Kart som syner kor leidningsnett deira går, er lagt ved.

Statsforvaltarens kommentar: Tatt til orientering.

Norges Vassdrag og Energidirektorat (NVE) visar til at det foreslåtte verneområdet grensar til eit nettanlegg som også kryssar eksisterande naturreservat. I tillegg ligg kanal med utsleppsvatn frå vasskraftverket Oltedal i den foreslåtte utvidinga. Dei ber Statsforvaltaren om å kontakte Lnett som er områdekonsesjonær og netteigar, om å kommentera vernet med tanke på framtidige planar. NVE ber om at standardformuleringar knytt til nettanlegg blir inkludert i verneforskrifta. Dei ber Statsforvaltaren også om å kontakte Lyse Kraft DA slik at dei kan uttala seg om vernet kjem i konflikt med kraftverket eller ei.

Statsforvaltarens kommentar:

Både Lnett og Statnett SF fekk tilsendt oppstartsmeldinga samstundes som alle dei andre, men Statsforvaltaren sendte ei ny påminning til Lnett 09.01.2024. Standardformuleringar knytt til nettanlegg om drift og vedlikehald, samt oppgradering, vil bli inkludert i verneforskrifta. Det same gjeld naudsynt motorferdsel i samband med eksisterande energi- og kraftanlegg. Grunneigar blei informert om småkraftpotensialet i Båtбекken i e-post datert 09.01.2024 og svarer at det ikkje er aktuelt å bygga ut her.

Lnett visar til at utvidinga av Ragstjørna naturreservat kjem i konflikt med deira 50 kV luftleidning Oltesvik frå Oltedal, 50 kV Maudal-Oltedal og 50 kV Gilja-Oltedal. Lnett har planar om å rive dei to sistnemnde, men behalde siste del av leidningane inn til Oltedal. Næraste mastepunkt som er planlagt rive, ligg like utanfor naturreservatet. Lnett ber om at standardformuleringar knytt til nettanlegg blir inkludert i verneforskrifta og at formuleringane også gjeld oppgradering av energi- og kraftanlegg.

Statsforvaltarens kommentar:

Standardformuleringar knytt til nettanlegg om drift og vedlikehald, samt oppgradering, vil bli inkludert i verneforskrifta. Det same gjeld naudsynt motorferdsel i samband med eksisterande energi- og kraftanlegg.

Lyse Kraft DA gjer merksam på at Oltadalsåna og kanal nedstrøms Oltedal kraftverk renn inn i foreslått verneområde og vidare inn i eksisterande verneområde. Begge vassførekomstane er påverka av regulering tilknytt Oltedal kraftverk. Ved eventuelt utvida vern forutsett dei at verneforskrifta ikkje er til hinder for drift, vedlikehald og naudsynt oppgradering av kanal og tilhøyrande infrastruktur.

Statsforvaltarens kommentar:

Standardformuleringar knytt til nettanlegg om drift og vedlikehald, samt oppgradering, vil bli inkludert i verneforskrifta. Det same gjeld naudsynt motorferdsel i samband med eksisterande energi- og kraftanlegg. Det vil bli inkludert eit eige punkt om drift, vedlikehald og naudsynt oppgradering av kanalen i § 7, Spesifiserte dispensasjonsreglar.

Språkrådet er einig i at eksisterande namn Ragstjørna naturreservat blir oppretthaldt.

Statsforvaltarens kommentar: Tatt til orientering.

Stavanger kommune er positive til verneforslaget og meiner utvidinga førar til eit meir heilskapleg vern når heile myra og mykje av sumpskogen og nedre del av Oltedalsåna blir inkludert. Dei peiker på at det er Jæren Friluftsråd som forvaltar eigedommen som er del av eit regionalt friluftsområde. Stavanger kommune vidareformidlar at Jæren Friluftsråd også er positive til verneforslaget, men at dei har eit par innspel til verneforskrifta. Dei ønsker at det blir mogleg å søke dispensasjon til etablering og merking av nye stiar, og etablering av fugletårn, dersom det ikkje påverkar verneverdiane negativt.

Statsforvaltarens kommentar:

Første del av innspelet tas til orientering. Når det gjeld andre del som angår innspel til verneforskrifta vil det tas inn i § 7 spesifiserte dispensasjonsreglar, at det kan søkast om etablering og merking av nye stiar, og etablering av fugletårn.

4. Endringar etter oppstart av verneplan

4.1. Namneendringar

Det har ikkje kome forslag om namneendring for nokon av dei 5 verneforslaga.

4.2. Grenseendringar

I utvidinga av Ragstjørna naturreservat er det gjort grenseendring som følge av at Gjesdal kommune vil avstå eit mindre areal i nord til vernet/utvidinga. Dette arealet omfattar det resterande området som naturleg høyrer med til myra og våtmarka. Tilsaman vil eksisterande verneområde og utvidinga bli eit heilskapleg landskap som er verna som eitt naturreservat med tjørna sentralt og dei naturleg tilhøyrande myrane, våtmarker og fuktskogar som omgir Ragstjørna.

I Honganvik er det gjort ein liten grenseendring like nord for Honganvik sidan varsel om oppstart. Grenseendringa skuldast eit småkraftpotensial i Brudesløret/Honganvikfossen der grunneigarar i og utanfor verneforslaget ønsker at det sikrast moglegheit for ei eventuell framtidig utbygging.

4.3. Forskriftsendringar

4.3.1. Endringar i verneforskrifta til Hylsskaret naturreservat

I forskrift 27.11.2020 nr. 2514 om vern av Hylsskaret naturreservat, Suldal kommune, Rogaland, blir det gjort følgjande endringar:

Forskriftas tittel skal ikkje endrast, og lyder:

Forskrift om vern av Hylsskaret naturreservat, Suldal kommune, Rogaland

§ 2 skal lyde:

§ 2. Geografisk avgrensing

Naturreservatet omfattar følgjande gnr./bnr.: Suldal kommune: 92/1, 45/1 og 88/1.

Naturreservatet dekker eit totalareal på ca. 12 127 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet [månad årstal]. Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart blir oppbevart i Suldal kommune, hos *Statsforvaltaren* i Rogaland, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet

§ 7 bokstav d skal lyde:

d. Rydding og vedlikehald av eksisterande stiar og *ilandstigningsområdet* frå båt merka i vernekartet.

4.3.2. Endringar i verneforskrifta til Ragstjørna naturreservat

I staden for å lage ei endringsforskrift for Ragstjørna naturreservat, er gjeldande verneforskrift erstatta med ny forskrift. Gjeldande verneforskrift er nøye gjennomgått og alle punkt er vurdert om dei skal vere med vidare eller ikkje. Verneforskrifta er omsett til nynorsk og oppdatert til nyaste standard for føremålstekst. Vidare er det gjort endring for å gjere tydeleg og tilpassa at naturreservatet i tillegg til tjørna og våtmarka, no også omfattar verdifull og verneverdig skog. Tekst i kursiv er heilt ny tekst som ikkje er med i gjeldande forskrift. Tekst i normal format er tekst som er henta frå gjeldande forskrift, men omsett til nynorsk og formulert i tråd med ny mal for forskrifter.

Eksisterande Ragstjørna naturreservat blei oppretta 20.12.1996 med dette føremålet: «Formålet med fredningen er å bevare et våtmarksområde med naturlig tilhørende vegetasjon og dyreliv. Området er et viktig hekke- og overvintringsområde for våtmarksfugl, samt et meget verneverdig steinblokkssystem av kvartærgeologisk opprinnelse.»

Føremålet for Ragstjørna naturreservat vil, etter utvidinga med verneforslaget bli endra til:

«Føremålet med forskrifta er å ta vare på eit variert område som inneheld fleire typar natur, mellom anna både ope og tresatt våtmark, elveløp, sjeldan og sårbar flaumskogsmark og eit verneverdig steinblokkssystem av kvartærgeologisk opphav. Området er eit viktig hekke- og overvintringsområde for våtmarksfugl, og føremålet er derfor også å ta vare på det naturlege dyrelivet som er knytt til området, samt den naturleg tilhøyrande vegetasjonen.»

Det er ei målsetting å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urørd tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.»

Dei to nye eigedommane som utgjer utvidinga er, gnr./bnr. 14/6-7,48 og 14/300.

Kapittel IV «For reservatet gjelder følgende bestemmelser:» svarar til § 3 *Vernereglar* i nytt forslag til verneforskrift. Her er mykje endra, nokre punkt er delt opp, andre er flytta og nokre er tilførd.

§ 3 Vernereglar, første ledd, har fått ein innleiande setning om generell framferd i naturreservatet:

«§ 3 Vernereglar

I naturreservatet må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som går fram av føremålet med vernet».

§ 3 andre ledd bokstav a er utvida ved å inkludera «*daude buskar og tre*» og å presisera at det gjeld for «*plantar og sopp, medrekna lav eller deler av desse*». Forbodet mot å

innføra nye planteartar er utdjupa med «... *deriblant planting eller såing av tre og annan vegetasjon*».

Kapittel IV punkt 2 i gjeldande forskrift er delt opp i § 3 andre ledd til bokstav b, c og d, i tråd med ny mal for verneforskrift.

Kapittel IV punkt 3 i gjeldande forskrift er blitt til § 3 bokstav e og oppdatert i tråd med ny mal, men lite er endra.

Kapittel IV punkt 4 i gjeldande forskrift er flytta til § 7 Spesifiserte dispensasjonsreglar.

Eit nytt bokstavpunkt er tatt med i § 3:

- g. Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.*

Kapittel V i gjeldande forskrift som gjeld kva vernereglane ikkje er til hinder for, er i ny forskrift § 4 *Generelle unntak frå vernereglane*. Dette kapitlet har store endringar.

Kap. V pkt. 1 er flytta til § 6 *Generelle unntak frå ferdselsreglane*.

Nye punkt i § 4 som vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a. sanking av bær og matsopp*
- c. felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk*
- e. vedlikehald av eksisterande stiar og turveggar i samsvar med standard på vernetidspunktet*
- g. bålbrekking med tørrkvist frå bakken eller medteken ved, i samsvar med gjeldande lovverk*
- h. fjerning av vegetasjon langs jordekantar av omsyn til maskinbruk på dyrka mark. Vegetasjonen skal bli liggande igjen i naturreservatet.*
- i. drift og vedlikehald, samt istandsetting ved akutt utfall eller fare for akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg i og inntil verneområdet*
- j. oppgradering eller fornying av kraftleidningar for heving av spenningsnivå og auking av linetverrsnittet, når tiltaket ikkje skadar verneverdiane angitt i verneføremålet nemneverdig*

Desse punkta er vidareførte, men med mindre justeringar og omsett til nynorsk:

- b. fiske, men «i samsvar med gjeldande lovverk» er tilført*
- d. fangst av villmink*
- f. tradisjonell beiting, men «herunder bruk av gjetarhund» er ikkje tatt med vidare*

Desse punkta er fjerna:

- utsetting av saltstein – Vurderast unødvendig i eit verneområde med eit stort tjern og utprega våtmark kring.
- vedlikehald av tidlegare opptatte grøfteavløp som drenerer tilgrensande jord- og skogbruksareal – Vurderast unødvendig og er ikkje ønskeleg.

§ 5 og § 6 er nye, og lyder:

«§ 5 *Regulering av ferdsel*

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a. Motorisert ferdsel på land og i vatn er forbode, medrekna flyging under 300 m, samt landing og start med luftfartøy. Forbodet gjeld òg bruk av modellbåtar, modellfly og drone.*
- b. Sykling, riding og bruk av hest er forbode utanom på eksisterande turveg vist på vernekartet.*
- c. Bruk av seglbrett er forbodet.»*

«§ 6 Generelle unntak frå ferdselsreglane

Ferdselsreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er bestemt av forvaltningsstyresmakta. Unntaket gjeld ikkje øvingsverksemd.

Ferdselsreglane i § 5 annet ledd er ikkje til hinder for

- a. naudsynt motorferdsel for uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy som nyttast skal vere skånsamt mot markoverflata. Det skal sendast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet i forkant av køyring.*
- b. landing og start med Forsvaret sine luftfartøy*
- c. naudsynt motorferdsel i samband med akutt utfall eller fare for akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg. Ved bruk av motorisert transport skal det i etterkant sendast melding til forvaltningsstyresmakta.»*

Kapittel VI Forvaltningsmyndigheten kan gi tillatelse til:, er endra til

«§ 7 Spesifiserte dispensasjonsreglar.

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til»

Kap. VI pkt. 3 er delvis tatt med og endra litt, pkt. 5 er tilpassa ny forskrift:

- d. oppsetting, vedlikehald og fjerning av gjerder,*
- k. naudsynt motorferdsel i samband med aktivitetar etter § 4 bokstav c, i, j og § 7 bokstav f og j.*

Kap. IV pkt. 4 er flytta til § 7 bokstav g.

Desse punkta i § 7 er nye:

- a. istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne,*
- b. merking og rydding av nye stiar,*
- c. etablering av fugletårn,*
- e. avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar nemnt i § 3 andre ledd bokstav g*
- f. ringbarking, hogst og uttak av gran og framande treslag*
- g. vedlikehald av eksisterande grøfteavløp som drenerer tilgrensande jord- og skogbruksareal*
- h. oppgradering og fornying av kraftleidningar som ikkje fell inn under § 4*
- i. naudsynt motorferdsel i samband med drift og vedlikehald, samt oppgradering og fornying av eksisterande kraftleidning,*

j. drift, vedlikehold og naudsynt oppgradering av kanal for utslepp av vatn frå kraftverket,

Kap. VI pkt. 1, 2, 3 og 4 er ikkje tatt med i ny verneforskrift:

1. Felling av dyr som gjør skade på jordbruksarealer og jakt på enkelte arter. – Vurderast unødvendig og er ikkje ønskeleg.
2. Etablering av nye grøfter for drenering av tilgrensende arealer. – Vurderast ikkje ønskeleg.
3. Bygging av pumpehus, legging av ledninger for vanningsanlegg. – Vurderast unødvendig og er ikkje ønskeleg.
4. Hogst av ved til eige bruk. – Vurderast unødvendig og er ikkje ønskeleg.

§§ 8-12 følger ny mal for verneforskrifter og er omsett til nynorsk.

§ 8 erstattar kap. VIII

§ 9 erstattar kap. VII

§ 11 erstattar kap. IX

§§ 10 og 12 er nye

§ 8 Generelle dispensasjonsreglar

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot føremålet med vernet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsyn til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det nødvendig, jf. naturmangfaldlova § 48.

§ 9 Skjøtsel

Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta bestemmer, kan setje i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstand som er føremålet med vernet, jf. naturmangfaldlova § 47.

§ 10 Forvaltningsplan

Det kan utarbeidast forvaltningsplan med nærare retningsliner for forvaltning av naturreservatet. Forvaltningsplanen kan innehalde nærare retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

§ 11 Forvaltningsstyresmakt

Miljødirektoratet fastset kven som er forvaltningsstyresmakt etter denne forskrifta. Miljødirektoratet kan delegere styresmakta til kommunar som samtykker til det.

§ 12 Ikraftsetjing

Denne forskrifta trer i kraft straks.

5. Konsekvensar av eit vern

Når ein opprettar eit verneområde beheld grunneigar eigedomsretten, men det blir lagd restriksjonar på kva for aktivitetar og tiltak som kan gjennomførast i verneområdet. Naturreservat er den strengaste verneforma etter naturmangfaldlova. I naturreservat må ingen foreta noko som forringer verneverdiane. Verneforskriftene inneber eit generelt forbod mot hogst, bygge- og anleggsverksemd og motorferdsel. Restriksjonsnivået varierer noko i verneforskriftene for områda. Dette heng saman med områdetets kvalitetar og verneformål, brukarinteresser, eksisterande tilrettelegging, anlegg og innretningar. For detaljar visast det til verneforslaget for dei enkelte områda.

Miljødirektoratet fastsett kven som skal ha forvaltningsmynde i verneområdet. Statsforvaltaren er forvaltningsstyresmakt for dei fleste verneområde, men mynde er i nokon tilfelle delegert til kommunen. I denne verneprosessen vil Statsforvaltaren vere forvaltningsstyresmakt for Ulvaskog naturreservat, Honganvik naturreservat, Griggelia naturreservat og Ragstjørna naturreservat, medan Suldal kommune vil få forvaltningsmynde for Hylsskaret naturreservat, slik dei i dag har i det eksisterande verneområdet.

I hovudsak er det den naturlege dynamikken som skal avgjere utviklinga i reservata, og Statsforvaltaren vurderer difor at behovet for skjøtsel i dei fleste tilfella er lite. I skogområde vil ofte fjerning av utanlandske og framande treslag eller andre framande artar, gjerne vere det som er mest naudsynt å gjere. Det kan i nokre tilfelle vere ønskeleg å framskynda den naturlege aldringsprosessen med å auka førekkomsten av daud ved, men dette må berre gjerast dersom ein ser at det kan fremje verneføremålet og etter ein godkjent skjøtelsesplan. Etter eit eventuelt vern vil behovet for forvaltningsplan og skjøtsel bli vurdert fortløpande, og det vil bli søkt om midlar frå Miljødirektoratet på vanlig måte når det er naudsynt.

I Ulvaskog, Honganvik og Ragstjørna er det kraftanlegg som går gjennom verneforslaga. I forskriftene til desse er det tatt med standardformuleringar om at vernereglane ikkje er til hinder for drift, vedlikehald, istandsetting ved akutt utfall eller fare for akutt utfall på eksisterande anlegg i og inntil verneområdet, samt oppgradering eller fornying av kraftleidningar. I Griggelia er vernegrensa trekt litt vekk frå eksisterande kraftlinje og ryddebeltet for å unngå konflikt. Punktet om drift, vedlikehald og istandsetting ved akutt utfall eller fare for akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg inntil verneområdet er likevel tatt med, men ikkje punkt om oppgradering eller fornying av kraftleidningar .

I Honganvik er den sørlege delen av verneforslaget i eit statleg sikra friluftsområde. Vernet er ikkje til hinder for vanleg, enkelt friluftsliv, men verneforskrifta vil ikkje opne for å ta ut trevirke av stadeigne treslag eller anna plantemateriale til vedlikehald på Jonegarden på Hustveit. Ryfylkemuseet som vedlikehald garden kan søka dispensasjon for å nytta hest og slede til å henta ut trevirke av gran og utanlandske treslag frå verneområdet på gammalt vis. Uttrykket «på gammalt vis» skal forståast slik at dei på godt med snø, kan nytta hest for å trekka tømmer ut av verneområdet eller hest og slede for å frakta tømmer ut.

I verneforslaget Ulvaskog, er det ei hytte ved Ulvaskogvatna som blir kalla Ulvaskoghytta og er ei hytte for allmenn bruk. Den er det knytt ein spesifisert dispensasjonsregel til slik at forvaltningsstyresmakta etter søknad, kan gje løyve til naudsynt motorferdsel for transport av materialar og ved til vedlikehald av hytta.

I verneforslaget Ulvaskog, er det ei privat hytte som ligg nedtil vatnet i den søraustlege delen av Botnevatnet. Hyttetomta og eit godt areal rundt denne er utelate frå verneforslaget. Området med hytta er likevel omkransa av vernegrensa og vatnet. Brukarane av denne hytta må anten gå ca. 250 m gjennom verneområdet langs Botnevatnet nordfrå, eller bruka båt på vatnet, for å komma til hytta. Sørøver må dei gå vel 400 m før dei er ute av verneområdet. For denne hytta er det gitt ein spesifisert dispensasjonsregel slik at forvaltningsstyresmakta etter søknad, kan gje løyve til naudsynt motorferdsel for transport av materialar til vedlikehald av hytta på trasé avmerkt på vernekartet.

6. Høyring

I neste kapittel er kvart av verneforslaga kort skildra med informasjon om området generelt, verneverdiar og andre interesser. Vedlagt høyringsbrevet og dette høyringsdokumentet følger konkrete forslag til verneforskrifter og vernekart med forslag til vernegrenser.

Høyringsdokumenta blir sendt breitt ut grunneigarar, naboar og lokale, regionale og nasjonale instansar og blir også lagt ut på Statsforvaltaren i Rogaland si heimeside (<https://www.statsforvalteren.no/nn/Rogaland/>) under > Miljø og klima, > Verneområde. Dei som ønsker å få tilsendt papirkopi kan ta kontakt med oss. Foreslått avgrensing vil etter kvart bli lagt ut på Miljødirektoratets naturbase (www.naturbase.no) under «Verneområder» og «Foreslåtte naturvernområder» i kartlagslista i venstre marg og i Temakart Rogaland.

Føreliggande forslag til verneområde og vernereglar er utarbeidd på grunnlag av naturfaglege registreringar, dialog med aktuell skogeigarorganisasjon som har kontakt med grunneigarar og innspel frå melding om oppstart. Forskriftene og avgrensingane som sendes på høyring no er godkjent av grunneigarane, men både forskrift, avgrensing og kart vil kunne vere gjenstand for vidare drøftingar under høyringa.

Formålet med høyringa er å få synspunkt og merknader til verneforslaga. Me ber spesielt om at dykk og andre brukarar av områda, går nøye gjennom forslag til verneforskrifter og gir oss tilbakemelding dersom dykk har meir informasjon om området som kan være av betydning for den vidare verneprosessen. Slik informasjon kan for eksempel vere om andre stiar som er i bruk, eksisterande bygningar, anlegg eller traktorveggar som det bør knytast føresegn til og merkast av på vernekartet. Statsforvaltaren ønsker særleg synspunkt på:

- Områdenamn
- Naturverdiar som ikkje allereie er kjende.
- Bruk av områda som ikkje allereie er kjende.
- Eventuelle konflikhtar med andre interesser. Eventuelle konflikhtar bør skildrast konkret, og også kva som vil vere nødvendig for å løysa eller redusera konflikten.
- Avgrensinga av områda.
- Forskriftene med vernereglar, unntak frå vernereglane og dispensasjonsreglar.
- Eventuelle behov for skjøtsel og tiltak, samt innspel til forvaltning av områda.
- Eventuelle feil i høyringsdokumentet, mottakarlista og aktuelle gnr./bnr.

Kommunane bes spesielt vurderer om dei ønsker å få forvaltningsmynde for sine verneområde. Sjå meir informasjon om dette i kap. 7. Dersom kommunen ønsker slik mynde, ønsker Statsforvaltaren å få melding om dette i høyringa.

Med bakgrunn i innkomne merknader og opplysningar, samt drøftingar med grunneigarane, vurderer Statsforvaltaren behovet for å justere verneforslagene før endeleg tilråding av verneforslaga sendast til Miljødirektoratet.

Frist for å uttale seg til verneforslaget er satt til **15.05.2024**.

Utalar sendast skriftleg, anten i brev til Statsforvaltaren i Rogaland, Postboks 59, 4001 Stavanger eller på e-post til sfropost@statsforvalteren.no.

Ver vennleg å merka sendinga med saksnummer **2023/13230**.

7. Forvaltingsmynde

Kven som skal vere forvaltningsmynde for eit verneområde blir fastsett av Miljødirektoratet ved, eller like etter vernevedtak. Statsforvaltaren er forvaltningsmynde for dei fleste verneområda, men mynde er i nokre tilfelle delegert til kommunane. Kommunar som ønsker delegert forvaltningsmynde, bes gje tilbakemelding om dette gjennom denne høyringa.

For kommunanes tilbod om forvaltningsmynde gjeld følgande forutsetningar:

- Kommunen får tilbod om å få forvaltningsmynde for alle verneområda som ligg fullt ut innanfor kommunens grenser.
- Kommunar som ikkje tidlegare har hatt forvaltningsmynde må takke ja til å overta forvaltningsmynde i alle aktuelle verneområda i kommunen. Kommunen må ha tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse.

8. Verneforslag

8.1. Ulvaskog naturreservat, Strand kommune

Kommune: Strand

Fylke: Rogaland

Vernekategori: Naturreservat

Areal: 3938 daa

Eigedommar som inngår i vernet: Strand kommune, gnr./bnr. 55/2, 55/5, 57/2.

Lokalisering og avgrensing

Verneforslaget ligg på høgda mellom Botnefjorden og Lysefjorden og dekker Dormålsfjellet/ Raudafjellet, Dommelsfjellet, Rishaugen og Ulvaskogfjellet. Skogen har varierende produktivitet og er i oveveiane grad furuskog med innslag av boreal skog og edellauvskog. Terrenget har stor topografisk variasjon i høgdelaget 100 - 300 moh.

I sør grensar verneforslaget til Ulvaskogvatna og til Botnevatnet. I vest er avgrensinga trekt litt opp i lisa slik at den ligg litt aust for kraftlinene før avgrensinga går rett nordover og rundar Raudafjellet/Dormålsfjellet. Avgrensinga kryssar Gyadalen og går nordover på austsida av golfbana. I nord følger grensa eigedomsgrensa som går langs Tverrdalsbekken, mest nord til Preikestolvegen. Mot sør følges eigedomsgrensa langs Rindane sør til Gloppavatnet.

Verneformål og verneinteresser

Føremålet med forskrifta er å ta vare på eit stort og variert skogområde som representerer ein bestemt type natur i form av samanhengande kystfurusog med stor førekomst av fuktkevande arter og regnskogsmiljø. Området har særskilt betydning for biologisk mangfald då det inneheld trua, sjeldan og sårbar natur i form av fleire raudlista naturtypar og mange raudlista artar, mellom anna regnskogartar, samt mange holer eiker med stort potensial for raudlisteartar.

Det er ei målsetting å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urørd tilstand, med stadeigne artar og naturtypar og naturleg skogdynamikk, og eventuelt vidareutvikle dei.

Området inneheld i hovudsak furuskog på varierende bonitet som gir svært ulike utformingar av furutrea, frå dei høgreste store trea til dei svært småvaksne, krokete trea som likevel har høg alder. I tillegg finst mykje gammal eikeskog med eit høgt tal store, gamle eiker som er eigne naturtypar, hol eik. Gamle og holer eiketree har mange ulike habitat, både utanpå og inni seg som kan huse raudlisteartar av organismegrupper som ikkje er undersøkt. Skogen har i hovudsak fattig vegetasjon, men rikare parti finst, inkludert lågurtfurusog som er raudlista (VU - sårbar). At skogen er fuktig, syner dei mange områda med gammal myr- og sumpskogsmark. I tilknytning til elvene finst flaumskogsmark, også den raudlista (VU - sårbar).

Kjelder: Naturbase, Artskart, NARIN, John Inge Johnsen og Ove Førland pers. medd.

Kulturhistoriske verdier

Det er ingen registrerte kulturminne og -bygningar innanfor verneforslaget og heller ikkje areal klassifisert som kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse.

Kjelde: Naturbase.

Inngrepsstatus og andre interesser

Det er registrert ein geologisk arv førekomst som går litt inn i området frå aust. Revsvatnmorenen er ein endemorene, avsett av en kort utløpar frå Lysefjordbreen (Temakart Rogaland og NGU lausmassekart). Elles har verneforslaget lite lausmassar, og ligg i stor grad på det som er registrert som bart fjell. Det er ikkje registrert førekomst av grus og pukk eller av mineral.

Verneforslaget ligg tett på store område med friluftsiinteresser mot Lysefjorden, Preikestolhytta og heiene og fjella tilknytt desse områda. Det går merka turstiar og andre stiar i området. Ulvaskoghytta som er til allmenn bruk ligg heilt søraust i verneforslaget, ved Ulvaskogvatna.

Lnett AS har ei kraftline som kryssar nordleg del av verneforslaget og ei som går langs vernegrensa i sørvest langs Botnevatnet, men i så stor avstand at ein unngår konflikt.

Kjelder: NGU, NVE

Planstatus

Heile verneforslaget er i kommuneplan for Strand kommune² avsett som landbruks-, natur- og friluftsførmål samt reindrift (*LNFR-areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gardstilknytt næringsverksemd basert på gardens ressursgrunnlag*) (Strand kommune). Området blei i 2023 også markert som blågrøne strukturar – natur- og friluftsverdier i Regionalplan for Jæren og Søre Ryfylke (Rogaland Fylkeskommune 2020). Mindre areal spreitt i verneforslaget er merka som aktsemdsområde for jord- og flaumskred samt steinsprang.

Kjelder: Temakart Rogaland

² Vedtatt av Strand kommunestyre 12.09.2012.

8.2. Honganvik naturreservat, Sauda kommune

Kommune: Sauda

Fylke: Rogaland

Vernekategori: Naturreservat

Areal: 2095 daa

Eigedommar som inngår: Sauda kommune, gnr./bnr. 1/1, 4/1, 5/1, 5/2, 6/1, 8/4, 20/6, 20/8 og 22/8

Lokalisering og avgrensing

Verneforslaget ligg i lisida på vestsida av Saudafjorden ved Honganvik. Arealet strekk seg frå nord for Indre Varstadneset og sørover forbi Honganvik mot Hustveit, men endar eit stykke nord for Hustveitelva. Frå Varstadneset til om lag 300 m før Honganvikfossen følger vernegrensa kystkonturen. Derfrå er ho trekt om lag 380 m opp i lia til ho treff Honganvikfossen. Grensa fortsett så nedover langs elva om lag til tunnelmunninga. Vidare går grensa nokså rett sørover forbi eit myrreal ved Åsane kor grensa gjer ei knekk mot nordvest og går oppover i lia til det mest ikkje er meir skog. Den vestlege grensa går i stor grad noko nedanfor der skoggrensa er.

Verneformål og verneinteresser

Føremålet med forskrifta er å ta vare på eit område som inneheld trua, sjeldan eller sårbar natur. Området har raudlista naturtypar som frisk rik edellaauvskog, lågurtfuruskog og flaumskogsmark, samt boreal lauvskog med bjørk og uvanleg stort innslag av rogn. Den rike edellaauvskogen består av eik, ask, alm og lind, nokre av trea er store og gamle og nokre er styva. I tillegg er det god førekomst av barlind. Enkelte furuer har og høg alder og skogen har stadvis mykje død ved.

Det er ei målsetting å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urørd tilstand, med stadeigne artar og naturtypar og naturleg skogdynamikk, og eventuelt vidareutvikle dei.

Området fekk ein sær sars god skogvernverdi ved kartlegging grunna god mengd død ved og store gamle tre som gir stor naturskogsnerleik, og stort naturmangfald med både edellaauvskog og furuskog på kalkrik mark. Det er kartlagt fleire raudlista naturtypar og artar. I den bratte lisida er det jamt over godt innslag av edellaauvtre, mykje eik, til dels store og gamle med vid krone, i tillegg til alm (EN) og ask (EN), der fleire er styva. Det finst òg edellaauvskog dominert av lind (NT), med litt spissløn og hassel. Sør for Honganvik er det parti med boreal lauvskog med uvanleg stor førekomst av rogn. Spreitt i området er det god førekomst av store barlindtre (VU). Sørlege delar er eit viktig spetteområde med førekomst av mange spetteartar, i tillegg til at granmeis (VU), gauk (NT), taksvale (NT) og gråmåke (VU) er registrert. Rovfuglar kan bli observert i nærleiken, men det er ingen kjennskap til reir. Ovanfor verneforslaget er det eit godt kalvingsområde for hjort. Området dekkar manglar i skogvernet på regionalt og nasjonalt nivå ved at det er eit stort område med godt kjerneareal og for ein stor del middels til sær høg skogbonitet. Verneforslaget har nasjonal verdi.

Kjelder: Naturbase, Artskart, NARIN, Rolf Selvik (pers. medd.)

Kulturhistoriske verdier

Det er ingen registrerte kulturminne og -bygningar innanfor verneforslaget og heller ikkje areal klassifisert som kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse. Det er likevel ruinar av eit skulehus om lag midtvegs mellom Honganvik og Hustveit. Det finst også steingardar i området.

Jonegarden på Hustveit og kvernhusa i Hustveitelva inngår i eit regionalt verdifullt kulturmiljø og der er det fleire SEFRAK-bygningar. Ryfylkemuseet driv og har ansvar for vedlikehald av dette området som er eit sikra friluftsområde. Den sørlege delen av verneforslaget inngår i det statleg sikra friluftsområdet og er derfor eit potensielt område kor Ryfylkemuseet kan henta materiale for vedlikehald av bygningane frå.

Kjelder: Naturbase, Ryfylkemuseet.

Inngrepsstatus og andre interesser

Brukarinteressene er særleg knytt til skogbruk og friluftsliv. Verneforslaget inngår delvis i eit viktig friluftsområde, Saudafjella, og delar er statleg sikra friluftsområde. Det går fleire stiar gjennom området, og delar av området er fint turterreng, men dei godt merka og mest brukte turløypene ligg utanfor verneforslaget. Det går ein eldre buføringssti mellom Honganvik og Hustveit, forbi ruinane av skulehuset og også frå Varstad og frå Honganvik og opp på fjellet til Selli.

Det er avmerkt to geologisk arv-punkt i NGUs kartdatabase som er skildra som:

1. «en skyvegrense mellom skyvedekker» og
2. «Sterkt foliert og mylonittisert glimmerskifer» og «Øyegneis (stedvis sterkt forskifret). Øyegneisen (som tilhører skyvedekkerne) ligger strukturelt over glimmerskiferen. Foliasjonen i begge bergarter er parallell grensen mellom dem.»

Det er eit nettanlegg i nordlege delen av verneforslaget, delvis langs hovudvegen, delvis langs gamlevegen.

Det er avmerkt eit digitalt småkraftpotensial i Honganvikfossen, vist i NVE si kartdatabase.

Kjelder: NGU, NVE

Planstatus

Heile verneforslaget er avsett til landbruks-, natur- og friluftsmål samt reindrift (*LNFR-areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gardstilknytt næringsverksemd basert på gardens ressursgrunnlag*) i kommuneplan for Sauda kommune³. Fleire område i verneforslaget er merkt som aktsemdsområde for jord- og flaumskred, og langs heile den bratte lia er det merkt aktsemdsområde for steinsprang. Sørleg del av verneforslaget inngår i nedslagsfeltet til Hustveitelva som er verna etter verneplan for vassdrag.

Kjelder: Temakart Rogaland

³ Vedtatt av Sauda kommunestyre 20.05.2020.

8.3. Griggelia naturreservat, Sandnes kommune

Kommune: Sandnes

Fylke: Rogaland

Vernekategori: Naturreservat

Areal: 1156 daa

Eigedommar som inngår i vernet: Sandnes kommune, gnr./bnr. 228/1

Lokalisering og avgrensing

Verneforslaget ligg på sørsida av Lysefjorden, litt innanfor Fossmork i Sandnes kommune. Området går frå fjorden og opp til ca. 500 moh ved Sollifjellet og omfattar Griggelitjørna og Griggelva. Opp mot fjellet følger avgrensinga i stor grad nord for kraftlina. I aust følger grensa eigedomsgrensa i Båtাবেkken ned mot fjorden. Grensa i nord følger kystkonturen.

Verneformål og verneinteresser

Føremålet med forskrifta er å ta vare på eit skogområde som representerer ein bestemt type natur i form av fleire regnskogsmiljø i ei bratt nordvendt li ned mot Lysefjorden. Skogområdet inneheld også trua, sjeldan eller sårbar natur i form av fuktkrevjande artar knytt til regnskogsmiljø og raudlista naturtypar.

Det er ei målsetting å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urørd tilstand, med stadeigne artar og naturtypar og naturleg skogdynamikk, og eventuelt vidareutvikle dei.

Verneforslaget ligg i bratt og nordvendt terreng i sterkt oseanisk seksjon (O3), og har ein eksposisjon som gir gode høve for fuktig klima. Det finst fleire parti med boreonemoral regnskog og regnskogsmiljø, med tilhøyrande fuktkrevjande artar, inkludert fleire raudlisteartar. Horngrimemose (VU) som tilnærma berre finst i Lysefjorden er registrert fleire stader. Skogen er furudominert i dei øvre partia, og har større innslag av boreale lauvtre og edellauvtrær med rikare vegetasjon lenger ned mot fjorden. Nokre store, styvar av alm (EN), ask (EN) og lind (NT) står langs Griggelva. Verneforslaget har regional verdi.

Kjelder: Naturbase, Artskart, NARIN, John Inge Johnsen pers. medd.

Kulturhistoriske verdiar

Det er ingen registrerte kulturminne og -bygningar innanfor verneforslaget, men området inngår i eit kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse, Lysefjorden.

Kjelde: Naturbase.

Inngrepsstatus og andre interesser

Det er eit bratt og lite tilgjengeleg område så brukarinteressene vurderast å vere få. Det inngår likevel i det svært viktige friluftslivsområdet som dekker Lysefjorden og eit mindre område i den sørlegaste delen, Skrøylå. Friluftslivsområdet Skrøylå er mykje brukt, og ein av stiane går så vidt innom verneforslaget. Det er avmerkt eit digitalt

småkraftpotensial i Båtabekken, vist på NVEs kartdatabase, men grunneigar ønsker ikkje oppretthalde ei mogleg utbygging. Lnett har ei 132 kV kraftline, Helmikstøl-Tronsholen, som går langs vernegrensa i søraust. Vernegrensa er lagt så langt ifrå ryddegata at det bør vere lite konflikt med vernet ved arbeid langs kraftlina.

Kjelder: NGU, NVE

Planstatus

Heile verneforslaget er avsett til landbruks-, natur- og friluftsførmål samt reindrift (*LNFR-areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gardstilknytt næringsverksemd basert på gardens ressursgrunnlag*) i kommuneplan for Sandnes kommune⁴. Fleire område i verneforslaget er merkt som aktsemdsområde for jord- og flaumskred, og store delar av den bratte lia er det merkt aktsemdsområde for steinsprang.

Kjelder: Temakart Rogaland

⁴ Vedtatt av Sandnes kommunestyre 15.05.2023.

8.4. Utviding av Hylsskaret naturreservat, Suldal kommune

Kommune: Suldal

Fylke: Rogaland

Vernekategori: Naturreservat

Areal: 12 127 daa totalt, utviding 401 daa

Eigedommar som inngår i vernet: Suldal kommune, gnr./bnr. 88/1 (ny), 92/1, 45/1

Lokalisering og avgrensing

Verneforslaget ligg på sørsida av Hylsfjorden i forlenginga av eksisterande verneområde mot vest. Vernegrensa går langs eigedomsgrensa i sør og kryssar nordover mot fjorden i ei framforhandla grense. Grensa i nord følger kystkonturen.

Verneformål og verneinteresser

Eksisterande Hylsskaret naturreservat blei oppretta 27.11.2020 med dette føremålet:

Føremålet med naturreservatet er å ta vare på eit område som representerer ein bestemt type natur i form av eit større samanhengande skogsområde frå fjord til fjellhei, med stor variasjon i skogsnaturtypar frå varmekjær edellauvskog med alm, ask, lind og hassel til gamal barskog dominert av furu, og skog og bekkekløfter med høg luftfuktigheit, og med fleire sjeldne og raudlista artar. Området inneheld kulturminne som eldre tuftar, husmannsplassar og einskilde store styvar av alm og ask.

Det er ei målsetting å behalde verneverdiane i mest mogleg urørt tilstand, med stadeigne artar og naturtypar og naturleg skogdynamikk, og eventuelt vidareutvikle dei.

Gjeldande verneføremål blir vidareført.

Verneforskrifta er i stor grad ikkje endra, men endringslogg er gitt i eige avsnitt 4.3.1.

Området inneheld ein raudlista naturtype, rik edellauvskog, 4 raudlista artar og to mindre bekkekløfter. Det blir meir furudominert skog oppover i lia. Området er nokså urørt, sjølv om ein ikkje kan utelukka tidlegare ekstensivt beite og plukkhogst. Heile området er nordvendt og har høg luftfuktigheit, noko som gjer at det finst eit velutvikla epifyttelement av mosar og lav, og som også kan gje grunnlag for regnskogsartar og annan sjeldan og trua mose- og lavflora. Utvidinga tilfører eksisterande naturreservat verneverdiar som økt areal og naturkvalitetar knytt til raudlista naturtypar og artar. Verneforslaget har regional verdi.

Kjelder: Naturbase, Artskart, NARIN.

Kulturhistoriske verdiar

Det er ingen registrerte kulturminne og -bygningar innanfor verneforslaget, men området inngår i eit kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse, Hylsfjorden og Suldalsvatnet.

Kjelde: Naturbase.

Inngrepsstatus og andre interesser

Det er eit bratt og lite tilgjengeleg område så brukarinteressene vurderast å vere få. Det er ingen interesser avmerkt på NGUs, NVEs kartdatabasar.

Kjelder: NGU, NVE

Planstatus

Heile verneforslaget er avsett til landbruks-, natur- og friluftsførmål samt reindrift (*LNFR-areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gardstilknytt næringsverksemd basert på gardens ressursgrunnlag*) i kommuneplan for Suldal kommune⁵. Heile den bratte lia er merkt som aktsemdsområde for steinsprang, og store delar er merkt som aktsemdsområde for jord- og flaumskred.

Kjelder: Temakart Rogaland

⁵ Vedtatt av Suldal kommunestyre 25.09.2023.

8.5. Utviding av Ragstjørna naturreservat, Gjesdal kommune

Kommune: Gjesdal

Fylke: Rogaland

Vernekategori: Naturreservat

Areal: 652,5 daa totalt, utviding 104,3 daa

Eigedommar som inngår: Gjesdal kommune, gnr./bnr. 14/6-7,48 (ny), 14/300 (ny), 36/1, 36/3, 36/4,18 og 36/23

Med denne utvidinga er heile den gjeldande verneforskrifta gått gjennom på nytt, sjå fullstendig endringslogg i eige avsnitt 4.3.2.

Lokalisering og avgrensing

Verneforslaget ligg nedanfor Oltedal, rett vest for Ragstjørna. Utvidinga grensar inntil eksisterande verneområde i aust, mot ein grusveg i sør, mot planteskog i vest og mot eit industriområde i nord.

Verneformål og verneinteresser

Føremålet for Ragstjørna naturreservat vil, etter utvidinga med verneforslaget bli: Føremålet med forskrifta er å ta vare på eit variert område som inneheld fleire typar natur, mellom anna både ope og tresatt våtmark, elveløp, sjeldan og sårbar flaumskogsmark og eit verneverdig steinblokkssystem av kvartærgeologisk opphav. Området er eit viktig hekke- og overvintringsområde for våtmarksfugl, og føremålet er derfor også å ta vare på det naturlege dyrelivet som er knytt til området, samt den naturleg tilhøyrande vegetasjonen.

Det er ei målsetting å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urørd tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.

Verneforslaget gir vern til ein verdifull flaummarkskog med relativt gamle svartortre og med innslag av noko ask (EN), samt furu, bjørk og rogn. I ein slik fuktskog står trea ganske laust i grunnen og det finst ein god del rotvelte og liggande død ved. Verneforslaget fører til ein meir heilskapleg arrondering av verneområdet ved at det inkluderer område som naturleg høyrer til våtmarksområdet kring Ragstjørna. Med utvidinga kan ein også forhindra at den opne myra får fortsetta å gro igjen med furu og sitkagran spreitt frå plantefeltet.

Området fyller manglar i skogvernet på regionalt og nasjonalt nivå ved at det er eit lågtliggende (< 300 moh) fuktskogområde av den raudlista naturtypen flaummarkskog (VU) på høg bonitet.

Kjelder: Naturbase, Artskart.

Kulturhistoriske verdiar

Det er ingen registrerte kulturminne og -bygningar innanfor verneforslaget og det er heller ikkje areal klassifisert som kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse.

Kjelde: Naturbase.

Inngrepsstatus og andre interesser

Brukarinteressene er særleg knytt til friluftsliv. Det går enkelte stiar gjennom området, og området er populært nærturterreng. Det meste av verneforslaget inngår i, Storamyra, eit regionalt viktig friluftsområde frå 2004. Sørleg del, både av verneforslaget og det eksisterande verneområdet inngår i Uburhedlaren, som er eit svært viktig friluftslivsområde. I tillegg har Learøysa i Oltedal lenge vore eit populært buldeområde (Buldreinfo).

Blokkryggene ved Ragstjørna, i det eksisterande verneområdet, er geologisk arv-område som er verna frå 20.12.1996 (NGU).

Det går ein skogsbilveg like på sørsida både av verneforslaget og det eksisterande verneområdet. Nord i verneforslaget, på nordsida av Oltedalåna går ein turveg.

Kjelder: NGU, NVE

Planstatus

Heile verneforslaget er avsett til landbruks-, natur- og friluftsmål samt reindrift (*LNFR-areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gardstilknytt næringsverksemd basert på gardens ressursgrunnlag*) i kommuneplan for Gjesdal kommune⁶. Både i nord og i sør er det eksisterande verneområdet og litt av utvidinga merkt som aktsemdsområde for jord- og flaumskred og som aktsemd utløpsområde for steinsprang.

Kjelder: Temakart Rogaland

⁶ Vedtatt av Gjesdal kommunestyre 18.09.2023.

9. Referanseliste

- Appelgren L. 2017. Naturverdier for lokalitet Griggelia, registrert i forbindelse med prosjekt Kystfurskog 2016. NaRIN faktaark. BioFokus. Weblink: <http://borchbio.no/narin/?nid=6014>
- Appelgren L., Høitomt T. 2017. Naturverdier for lokalitet Ommundsteigen Hylsliane, registrert i forbindelse med prosjekt Kystfurskog 2016. NARIN faktaark. BioFokus. Weblink: <http://borchbio.no/narin/?nid=6024>
- Artsdatabanken: <https://www.artsdatabanken.no/>
- Artskart: <https://artskart.artsdatabanken.no>
- Artsobservasjoner: <https://www.artsobservasjoner.no/>
- Buldreinfo. Informasjon om buldreområde i Rogaland, Oltedal: <https://buldreinfo.com/area/8>
- Direktoratet for naturforvaltning 2007. Kartlegging av naturtyper - Verdisetting av biologisk mangfold. DN-håndbok 13 2.utgave 2006 (oppdatert 2007) <https://www.miljodirektoratet.no/publikasjoner/andre/verdisetting-av-biologisk-mangfold/>
- Fremmedartslista 2023: <https://artsdatabanken.no/lister/fremmedartslista/2023?TaxonRank=tvj>
- Friluftsrådet Vest: <https://www.frivest.no/>
- Gaarder, G., Appelgren, L., Hanssen, U., Høitomt, T., Jordal, J.B., Steinsvåg, K.M., & Tellnes, S. 2017. Kartlegging av kystfurskog i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane i 2016. Miljøfaglig Utredning Rapport 2017-17.
- Gaarder, G., Fjeldstad, H., Folden, Ø., Hanssen, U., Hessen, K., Jordal, J. B., Lorentzen, M. N. & Svingen, K. 2022. Skogvernundersøkelser i Rogaland, Vestlandet og Møre og Romsdal fylker i 2022. Verdibeskrivelser. Miljøfaglig Utredning, notat 2022-xx.
- Ihlen, P. G. 2009. Bekkekløftprosjektet – Naturfaglige registreringer i Rogaland 2008: Strand kommune.
- Klima- og miljødepartementet, 2015. Saksbehandlingsregler ved områdevern etter naturmangfoldloven (§§41-43). Rundskriv nr. T-2/15. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/t-2-15-saksbehandlingsregler-ved-omradevern-etter-naturmangfoldloven/id2398923/>
- LOV-2009-06-19-100. Lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2009-06-19-100?q=naturmangfold>
- Meld. St. 14 (2015-2016) Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfold. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-14-20152016/id2468099/>
- Miljødirektoratet 2016. Opprettelse av verneområder etter naturmangfoldloven. Veileder M-481 | 2016. <https://www.miljodirektoratet.no/publikasjoner/2016/januar-2016/opprettelse-av-verneomrader-etter-naturmangfoldloven/>

Miljødirektoratet 2021. Faktaark - Skogkartlegging – prosjekt, Griggelia: <https://nin-faktaark.miljodirektoratet.no/prosjekt/?id=D9F871DA-755B-4F78-B53A-A5A2AE890650>

Miljødirektoratet 2022a. Faktaark - Skogkartlegging – prosjekt, Honganvik: <https://nin-faktaark.miljodirektoratet.no/prosjekt/?id=89999E83-B428-4609-98FB-B9ADF28A2CE2>

Miljødirektoratet 2022b. Instruks for naturfaglige registreringer i skogvernarbeidet. https://nedlasting.miljodirektoratet.no/nin_instrukser/Veileder-skogkartlegging_1_2022.pdf

Miljødirektoratet 2022c. Kartleggingsinstruks - Kartlegging av terrestriske Naturtyper etter NiN2. Veileder M-2209 | 2022. https://nedlasting.miljodirektoratet.no/NiN_Instrukser/Ntyp2022_kartleggingsinstruks.pdf

NARIN (Biofokus): <https://biofokus.maps.arcgis.com/apps/webappviewer/index.html?id=7afe7db500754f7897fa2d237bd2409d>

Natur i Norge (NiN): <https://naturinorge.artsdatabanken.no/>

Naturavtalen 2023. [Det globale Kunming-Montreal-rammeverket for naturmangfold \(Naturavtalen\) - regjeringen.no](https://www.regjeringen.no/det-globale-kunming-montreal-rammeverket-for-naturmangfold)

Naturbase: <https://geocortex02.miljodirektoratet.no/Html5Viewer/?viewer=naturbase>

NGU, Norges Geologiske Undersøkelse: <https://www.ngu.no/geologiske-kart>

Norsk rødliste for arter 2021: <https://artsdatabanken.no/lister/rodlisterforarter/2021/>

Norsk rødliste for naturtyper 2018: <https://www.artsdatabanken.no/rodlisterfornaturtyper>

NVE, Norges vassdrags- og energidirektorat, temakart mynta på skogvern: <https://temakart.nve.no/tema/skogvern>

Riksantikvaren, Kulturminner via Temakart Rogaland.

Rogaland Fylkeskommune 2020. Regionalplan for Jæren og Søre Ryfylke: <https://www.rogfk.no/vare-tjenester/planlegging/gjeldende-planer-og-strategier/bolig-areal-og-transport/regionalplan-for-jaren-og-sore-ryfylke/>

Ryfylkemuseet: <https://ryfylkemuseet.no/>

Skogkartlegging – NiN. Presentasjon av metodikk for skogkartlegging. 13. februar 2023: <https://storymaps.arcgis.com/stories/811467c00bf042098fbf9ca0caa6d8b7>

Statsforvalteren i Rogaland. <https://www.statsforvalteren.no/nn/Rogaland/Miljo-og-klima/Verneomrade/melding-om-oppstart-av-verneprosess-av-5-skogomrade-i-rogaland/>

St.meld. nr. 14 (2015-2016) Natur for livet: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-14-20152016/id2468099/?ch=1>

St.meld. nr. 25 (2002-2003) Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand:
<https://www.regjeringen.no/contentassets/40da6fc97eba49af90479ae32ee27ccc/no/pdfs/stm200220030025000dddpdfs.pdf>

Strand kommune: <https://www.strand.kommune.no/tjenester/plan-bygg-og-eiendom/kommuneplan/#toc-heading-w1pua5>

Svensson, A., Eriksen, R., Hysten, G. og Granhus, A. 2023. Arealrepresentativ overvåking av skogvernområder gjennom Landsskogtakseringen. Landsskogtakseringen 2017-2021. NIBIO RAPPORT | VOL. 9 | NR. 13 | 2023. <https://nibio.brage.unit.no/nibio-xmlui/handle/11250/3063717>

Temakart Rogaland: <https://www.temakart-rogaland.no/>

10. Vedlegg

- Høyringsbrev
- Forskrift og kart for Ulvaskog naturreservat, i Strand kommune
- Forskrift og kart for Honganvik naturreservat, i Sauda kommune
- Forskrift og kart for Griggelia naturreservat, i Sandnes kommune
- Forskrift og kart for Hylsskaret naturreservat, i Suldal kommune
- Forskrift og kart for Ragstjørna naturreservat, i Gjesdal kommune
- Naturfaglege rapporter
- Motakarliste

STATSFORVALTAREN I ROGALAND

Statens Hus, Lagårdsveien 44, Pb. 59, 4001 Stavanger | sfropost@statsforvalteren.no |

